

VOLLEYBALL

På årsmøte 2004 vart dette styret valgt:

Leiar: Trude Jacobsen
Nestleiar: Tarjei Raniseth
Kasserar: Kåre Nyheim
Skrivar: Ragnhild Eri

Valgkomite: Trude Jacobsen

Oppmenn: - 1. div. damer: Turid S. Herland

Desse er på valg:

- leiar
- nestleiar
- kasserar

I år har volleyballgruppa hatt ca. 15 medlemmer.
I år har me hatt eit lag i gong (1. div. damer).

Styret har ikkje hatt styremøter, styresaker er tatt opp i forbindelse med trening og pr. telefon.

ANLEGGSSITUASJON

Damelaget har i 2004 trena 2 gonger i uka.
Me har også i år hatt eit samarbeid med Nyborg v.b.k.
Heimekampane har laget spelt i Osterøyhallen.

KURS/UTVIKLING

I år har ingen av våre medlemmar deltatt på kurs.

ØKONOMI

Hovudsponsorane som har våre med oss i år er: LOBAS og CCB Stål. Stor takk for god støtte.
I tillegg til hovudsponsorane fekk me 5 sponsorar på gensarar. Me kjøpte 130 gensarar som me sel vidare, med inntekt til laget.

Me laga også til eit kamp program, som me delar ut på heimakampane.

Påskecupen, som ble arrangert saman med Fotlandsvåg I.L. si volleyballgruppa, vart redusert til kun fredag p.g.a. antall påmeldte lag. Cupen gjekk med overskudd, men redusert i forhold til å ha det over to dagar.

Gruppa har fortsatt litt "volleyball t-skjorter" igjen.

Lokalpressa er fortsatt flinke til å skriva om volleyball, og gjer oss dermed god markedsføring. Tusen takk til Bygdanytt og Ostringen.

SPORTSLIGE PRESTASJONER

1. div. damer

I sesongen 2003/2004 kom laget på 4. plass i avdelingen. Rankingen kom me på 8.plass.

Deltok kun i ei 1. divisjonsturnering.

Etter haust sesongen 2004/2005 har laget tapt kun 1 kamp før jul og tok juleferie med 1.plass i vår avdeling. Laget tapte første kamp etter jul. Deltok i ei 1.div. turnering før jul, og fekk ein fin 3. plass.

Deltok også i NM Vett volley i Tønsberg og fekk ein 5.plass.

Laget er nesten det same som i fjor. Nye spelarar er Siri Herredsvela, Therese Waage Bjørkmann og Tone Nybakken. Britt Helen Romøren, Turid S. Herland og Marianne K. Tjore har kome tilbake. Spelarar som ikkje er med i år er Kristin Thue. Therese Waage Bjørkmann er trenar og Øystein Utne er lagledar.

FRAMTIDSPLANAR

Me vil ta initiativ til å arrangere påskecup i volleyball også i år. Det er viktig å la så mange så muleg få prøva seg på volleyball, og kanskje fleire vil vera med enten som spelar eller ta andre oppgåver innan klubben.

Sportsleg burde nok klubben satsa meir på rekrutteringslag. 1. div. er eit lag som fungerer på kort sikt, eit år om gongen. Innan alle lag er rekruttering nødvendig, så klubben bør starta opp med yngre lag. Men her står det vel litt på tid og krefter...